



GISKE OPPVEKSTSENTER – SKULE – LÅNEAVTALE IPAD

Denne avtalen gjeld iPad med serienummer: _____

Denne iPaden skal brukast av _____ (eleven sitt namn) til skularbeid som ein personleg iPad i skulen. Avtalen gjeld frå påført dato og signering av denne låneavtalen. iPaden er Giske skule sin eigedom og skal leverast tilbake etter 3 år eller dersom eleven sluttar på Giske skule.

Ved å signere denne låneavtalen, godtar lånar og lånaren sine føresette følgjande reglement:

1. Allerede etablert regelverk

a) Skulen sitt ordensreglement gjeld også for denne låneavtalen.

2. Administrasjon

a) Skulen har kontroll over oppsett på iPaden og innkjøp og distribusjon av appar.

b) Skulen kan når som helst be om å få tilbake iPaden av tekniske eller praktiske årsaker. Eleven må i slike tilfelle levere tilbake iPaden ulåst (utan passord eller pinkode).

3. Praktisk bruk

a) iPaden skal alltid vere med på skulen.

b) Heimen må sørge for at iPaden kvar dag er tilstrekkeleg lada til å kunne brukast gjennom heile skuledagen utan å måtte ladast opp undervegs.

c) Beskyttelsesdekslet iPaden leverast med skal alltid vere på.

d) Funksjonen «Finn min iPad» skal alltid vere slått på.

e) Apper skulen installerar på iPaden må ikkje fjernast.

g) Skulen tar ikkje ansvar for tap av data og har rett til å slette innhald på iPadene. Personlege data må derfor også lagrast andre stadar enn på iPaden.

4. Endring av reglar

a) Denne låneavtalen vil liggje på Giske skule si heimeside www.giskeskule.no og kan endrast av skulen slik skulen finn nødvendig innanfor prosjektet. Versjonen på nettsidene er til ei kvar tid gjeldande. Eventuell endring av låneavtalen sitt innhald vert varsla på Giske skule si nettside og Transponder.

I tillegg til sanksjonar i ordensreglane kan skulen også kreve iPaden levert tilbake for godt, eller for ein periode, om eleven bryt ordensreglane, «Reglar for bruk av iPaden» eller reglane i denne låneavtalen.

Dato:

Eleven sin signatur

Føresette sin signatur

iPad er utlevert den _____

Gry Støbbakk Ytterland, rektor